

# SPEGLPIANO

av Inger-Kristine Riber og Ragnhild Hauglad

## **Samandrag:**

Kva: Konsert med video som kammermusikkpartner

Kven: Inger - Kristine Riber, piano og Ragnhild T. Haugland, opptak og lydtekniker

Prosjektperiode: 1.4 - 10.07.2017

Gjennomføring: 9. Juli 2017: KulturFjorden Kammerserie sin opningskonsert i Galleri N.Bergslien, Eidfjord, Hardanger

Gjenbruksverdi: Det føreligg planar om å ta prosjektet på turne hausten 2017.

Idag nyttar me i stor grad teknologi for å vidareføra og formidla vår kulturarv, på mange måtar er den vorte naudsynleg for å nå fram til publikum. Digitale overføringer frå store operahus til små bygder gjer at alle menneske kan ta del i det musikalske mangfaldet. Me meiner at den klassiske musikken også har mykje og henta innan dette feltet. I dette prosjektet vil me aktivt nytta teknologi og gje det plass som eit kunstnerisk element i det ferdige produktet. Me vil med prosjektet utforska korleis og i kva grad teknologi kan fungera som ein fullbyrding kammermusikkpartner. Resultatet av prosjektet skal munna ut i ein konsertproduksjon som kombinerer live utøving av tradisjonelt klassisk repertoar på piano, og opptak av ei inspelt kammermusikkstemme som vert spelt av med video og høgtalarar. Ved å nytta teknologien på denne måten vil me kunne vera med på å forma måten den framtidige formidlinga av kulturell historie og tradisjon vert gjort på ved å anerkjenne tida me lever i og korleis den påverkar vår kultur.

I prosjektet skal det nyttast repertoar som er skrive for 2 klaver og eventuelt 4-hender. Målet er presentera eit tradisjonelt klassisk program, med stor vekt på norsk musikk, som sjeldan vert framført då det krev to flygel. Mange stadar i landet er det konsertarenaer som aldri vil ha moglegheita til å tilby lokaliteter med 2 flygel. Me vil løyse denne utfordringa ved å spele inn den eine stemma i konsertlokalet på video, og vise den ved hjelp av prosjektor og PA-anlegg mens den andre stemma vert utført live. Vår teori er at ein kan simulere ein fullverdig kammermusikk konsert også med tradisjonelt klassisk repertoar.

## **Planlagt program:**

E. Grieg: 2 Walzer-Capricien, op 37

Gammel Norsk Romanse med variasjoner, op 51

Utdrag frå Norske dansar op. 35

Utfordring, og styrke i prosjektet er at pianisten må innstudere begge stemmene i verket til eit konsertklart nivå. Dette vil gje svært mykje arbeid, men også gode kammermusikalske forutsetninger. Samstundes vil opptaket av den eine stemma utgjere ein svært stringid kammermusikkpartner som ikkje let seg justera under vegs. Dette vil krevja stor konsentrasjon av pianisten i konsertaugneblinken. Målet er å løysa alle utfordringar slik at publikum opplever eit spontant samspel og møte mellom to kunstnarar, så nært to live-utøvarar som mogeleg.

Ved å nytta videobilete og stort lerret som samspelpartner kan ein også arbeida med lyssetting, vinklar og fargar som effektar i musikken. Mange val gjort i opptaks- og redigeringsprosessen vil vera formgjevande av publikum si konsertoppleveling.

Kombinasjonen av live utøving og videobilete av den andre utøveren vil også gje nye nyanser både til konsertopplevelinga, men også til det velkjende TV-formatet for mange publikumarar.

#### **Korleis:**

Opptak av flygelet vil krevja følgjande utstyr:

- Sony videokamera
- 1 aktivitetskamera
- Eit stereopar (Blue Hummingbird) og ein kondensator mikrofon for å ta opp romklang (Røde NTK).
- Lydkort; Universal Audio Apollo Twin og Mac med programvare (LogicX)
- 3 Xlr-kabler for mikrofoner og 2 jack-kabler for PA.
- Opptaket vil verta gjort i same rom som konserten og vil derfor ha samme klang.
- Opptaket vil kunne gjennomførast på 3 dager reint teknisk, pluss 2 dager fo opprigg og testing av utstyr og lyd.
- Flygelet vil verta stemt før opptak.

Det vert naudsynleg å mice opp flygelet på konserten for at publikum skal oppleve at lyden kjem av same kjelde. Derfor er det nødvendig med ein enkel PA for konserten. Live-micing vil krevja kun eit stereopar då romklangen oppstår naturlig i rommet det fremføres i.

#### **Kvar:**

Konsertproduksjonen har ein vedlagt intensjonsavtale som ein del av KulturFjorden Kammerserie, og skal etter planen framførast 9 juli 2017 i Galleri N.Bergslien i Eidfjord.

Initiativet KulturFjorden Kammerserie vart etablert i 2013, med første gjennomføring sommaren 2014. Initiativet var basert på tidlegare pilotprosjekt med sommarkonsertar i Galleri N.Bergslien i Eidfjord med oppstart allereie i 2007. Det overordna formålet er å skape eit miljø for kulturell formidling, utvikling og verdiauke i Eidfjord og omegn.

#### **Lokale verdiar for Eidfjord og Hardanger vil i tillegg vere**

- Markedsførings- og imageverdi
- Omdømmebygging
- Auke og styrke reiselivstilbodet
- Videreutvikling av interessa for kunst og kultur blant unge
- Ivaretaking av kunstnarar og kulturarbeidrarar
- Styrke verdien av kulturaktivitet

Ei lokal ressursgruppe samarbeider KulturFjorden Kammerserie 2017 for å sikre den lokale forankringa. Hensikten med ressursgruppa er at den skal være et rådgivende organ, samt sikre forankring og ressurser for de strategiske planer prosjektet som skal gjennomføres.

I-K Riber er fungerande prosjektleiar pr i dag. Ho er ein kunstnar med internasjonal karriere som er fødd og oppvachsen i Hardangerregionen (Voss). I over 5 år har ho investert i konsertprosjekt i regionen for å bidra til å løfte fram eit kvalitativt tilbod i regionen.

KulturFjorden har som mål å utvikla seg vidare i tråd med ein ide om at kultur skal være variert og mangfaldig, men den skal alltid vere av høg kvalitet. KulturFjorden vil vere med på å skape positive kulturopplevingar. I samarbeid med lokalmiljøet er målet ei langsiktig og innovativ kulturutveksling.

## KUNSTNARANE

### **Inger - Kristine Riber** (CV vedlagt) - rolle: pianist

Klassisk pianist med profesjonell karriere, og fleire års erfaring som solist og kammermusikar. Karakterisert som ein entusiastisk lagspelar som raskt mestrar nytt repertoire i eit brent spekter av musikalske stilar. Kreativ og handlingsorientert prosjektleiar med omfattende prosjekterfaring frå konsept til gjennomføring.

### **Ragnhild T. Haugland** (CV vedlagt) - rolle: Produsent

Komponist, Cellist, Lyddesigner og musikkprodusent utdanna ved Norges Kreative Høyskole og Solent university. Jobbar hovedsakeleg med musikk og lyd til nye media, musikkteater, og sceniske produksjonar. Har utviklet eit særegne lydbilete der ho leikar seg med akustiske og elektroniske lydlandskap. Ho utforskar lydlandskapa og prøver alltid å leite etter nye og spanande uttrykk.

Døme på tidlegare kunstnerisk samarbeid mellom Riber - Haugland:

Frå Verket "Play It" urframført i Odda, 7.juni 2016, av Riber-Haugland:

Attaetta: [https://www.youtube.com/edit?o=U&video\\_id=acfHFJESMNE](https://www.youtube.com/edit?o=U&video_id=acfHFJESMNE)

Beinspelt: [https://youtu.be/-UW\\_cX1a5ok](https://youtu.be/-UW_cX1a5ok)